

ARD AREALPLAN AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 04.09.2017
Vår ref.: 2017/13927-6
Saksbehandlar: kjeomar
Dykkar ref.:

Fråsegn til varsel om oppstart av detaljregulering for Austmarka sentrum gnr 79 bnr 107, 109, 110 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 12.07 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 79/bnr. 107, 109, 110 mfl. Austmarka sentrum, Radøy kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for ei føremålsblanding mellom bustad og næring som skal byggje opp under utviklinga av Austmarka som lokalsenter, samt regulere inn vegtilkomst til gnr./bnr. 79/107, 109 og andre eigedomar i sør. Føremålet er i tråd med kommunedelplan for Radøy sør, der området er sett av til bustad og næring.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare planarbeidet vil vi leggje serleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Naturmangfald
- Næringsutvikling
- Kulturminne og kulturmiljø
- Samferdsel
- Strandsone
- Universell utforming

Relevante planfaglege innspel

Oppstartsmeldinga gjev utrykk for at planarbeidet skal byggje opp under vidareutviklinga av Austmarka som lokalsenter, og nemner at det kan vere aktuelt med ei føremålsblanding mellom næring og bustad. Vi saknar ei tydelegare avklaring om føremåla med planen.

Meir om areal og transport

Regional areal og transportplan for Bergensområdet som vart vedteken i Fylkestinget i juni 2017 med forslag til mindre endringar, gjev retningslinjer for eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport,

og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar. Dei regionale retningslinjene legg opp til at nye bustader skal lokaliseras i nærleik til definerte senter, skule og kollektivstopp. Gang- og sykkeltilkomst til senterområde, skule og kollektivhaldeplassar må være trafikksikker. For å nå regionale retningslinje om reduksjon av klimagassar og målsettingar om nullvekst i personbiltrafikken bør ein prioritere vekst der ein kan nytte seg av teknisk og sosial infrastruktur. Gjennom den regionale planen for Bergensområdet vert det definert vekstsoner der hovudtyngda av vekst bør skje. Nye utbyggingsområde utan god kollektivdekning og utan gode koplingar for å nytte sykkel eller gange, kan verte bilbasert. Vi ber om at vidare planarbeid og eventuell bustadutvikling i planområdet vert vurdert opp mot regionale retningslinje for samordna areal- og transport.

Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Meir om samferdse

Det ligg føre fleire planer for Austmarka, som gjer det naudsynt å sjå på området i samanheng, ikkje minst når det gjeld trafikktilhøva. Generelt er samferdselsavdelinga oppteken tema knytt til kollektivtilbod, avkøyrslar og byggegrensar til fylkesveg, samt tilhøva for mjuke trafikantar. Vi vil minne om Hordaland fylkeskommune sitt fråsegn i samband med områdeplan for Austmarka – Storheim når det gjeld kollektiv:

«I planen er det gjort endringar ved eksisterande vegtrasé, og lagt opp til ny kollektivterminal med pendlerparkering. Samferdselsavdelinga/Skyss seg positiv til ein kollektivterminal i Austmarka/Storheim, slik den er planlagt plassert i sørlige delen av reguleringsplanen i krysset Fv565 og Sæbøvegen. Når det gjeld utforminga av terminalen bør ein finne løysingar som legg til rette for ein meir effektiv inn- og utkøyring enn slik det kjem fram i planforslaget. Dette for å unngå unødige «strafferundar» som vert opplevd negativt for dei reisande.

I planforslaget vert det vist til at den nye kollektivterminalen i sør «...vil avlaste haldeplassen like ved Sæbø skule og auke trafikksikringa ved å unngå unødvendig mykje kollektivtrafikk i nærleiken av skuleområdet og skulevegen til elevar ved Sæbø skule». Skyss vil presisere at haldeplassen ved Sæbø skule framleis vil vere nødvendig å behalde som i dag, for å kunne betene skuleskyssen og bustadområda i Austmarka»
I detaljreguleringa for Austmarka sentrum må det leggst til rette med effektive og trygge gang- og sykkelveger til kollektivtilbod og andre sentrale målpunkt. Dette gjeld og tilhøva langs Fv 565. Samferdselsavdelinga støtter Statens Vegvesen sitt krav om å gjennomføre ein trafikkanalyse for Austmarka då kommunen her legg opp til utvikling av eit senterområde med fleire funksjoner samla på ein stad.

Av omsyn til trafiktryggleik er det eit mål å redusere avkøyrslar knytt fylkesveg. Samferdselsavdelinga ber difor kommunen legge opp til å nytte eksisterande på koplingar til fylkesvegen via kommunal veg. Vi oppmodar kommunen om å ha dialog med Statens vegvesen når det gjeld vegutbetringar og påkopling til fylkesveg. «Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar 2013-2016» er retningsgivande for kommunane i arealplanar som omhandlar fylkesveg.

Meir om senter- og tettstadsutvikling

Det er positivt at planarbeidet tar høgde for ei mogleg utbygging av bustader i eit område nært skule, barnehage og tenesteyting på Austmarka. Austmarka ligg omtrent midt mellom regionsenteret Knarvik i Lindås kommune, og kommunesenteret Manger i Radøy kommune. Det går ikkje fram av planvarselet kor

mange bustader som er tenkt utbygd innanfor planområdet. Dette vil vere viktig for vår vurdering i det vidare planarbeidet, da dei største konsentrasjonane av arbeidsplassar for busette i kommunen er i kommunesenteret Manger eller regionsenteret Knarvik i Lindås kommune. Ei for stor utbygging av bustader i Austmarka vil sannsynlegvis generere meir biltrafikk for daglege gjeremål. Vi ber om at det i det vidare planarbeidet, takast omsyn til regionale føringar og retningslinjer definert i Regional areal- og transportplan, og Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, folkehelse, kulturminne og kulturmiljø, næringsutvikling, samferdsel, senterutvikling, senterstruktur og handel og universell utforming.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Kjetil Bø Omarstrand
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Kjetil Bø Omarstrand, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

RADØY KOMMUNE

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest